

---

**Emne:** Høyringsinnspele budsjett

**Til:** Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

**Sendt:** 09.12.2024 00.14.16

**Fra:** Iselin Nevstad Øvreliid <iselin.ovreliid@gmail.com>

Hareid reklamerer med å vere ein attraktiv bukommune. Det hjelper ikkje å ha verdas finaste badestrand og dei mest fantastiske fjella, om ikkje det ligg til rette for at vi skal kunne bu og arbeide her. Skal Hareid halde fram med å vere eit knutepunkt for arbeidsmarknaden både mot Volda/Ørsta og Ålesundsregionen, må de faktisk leggje til rette for alle som arbeider utanfor kommunen.

Hurtigbåten legg til kai på Hareid like før kl 16 og 17 på ettermiddagane i vekedagane. Alternativet er å ta hurtigbåt 13.50 frå Ålesund. Det seier seg sjølv at det går ikkje opp for alle som pendlar til og frå jobb kvar dag. De må legge til rette for folk som er i jobb og som treng barnehage og SFO for borna sine. Vi nyttar oss ikkje av SFO fordi vi har så lyst, men fordi vi må. Vi treng opningstider til 16.30 i vekedagane. Om de ikkje held ope for barnefamiliane, vil det blir mindre attraktivt å busette seg i Hareid, og de har i praksis sett i gang skulenedleggingsprosessane, krins for krins. Talet på barn vil i alle fall ikkje auke på denne måten som er foreslått.

Skal de sjå på innsparingar knytt til SFO, vil mi tilråding vere å sjå på ferie-SFO-tilbodet. Vi har klart oss utan ferie-SFO med hjelp frå besteforeldre og todelt ferie. Ikkje optimalt, men det går for oss. Det er verre for dei som ikkje har nettverket på plass. Klarer de å finne ei løsning for dei?

I tillegg håpar eg de har med dykk det førebyggande perspektivet når det gjeld bemanning i barnehage, og i barne- og ungdomsskule. Hugs at ein treng nok vaksenpersonar til stades for å skape trygge rammer for barna våre. Lærarar er viktige, men det er også fagarbeidarar, miljøarbeidarar, assistenter osv. Vi ønskjer at borna våre skal få ein trygg og god oppvekst. Vi ønskjer det skal vere vaksenpersonar på jobb for å sjå når borna våre vert plaga av andre, når dei treng nokon å snakke med, når dei treng trøyst, når dei treng å bli sett. Det kan førebygge større kostnader for kommunen i eit lengre perspektiv. Prioriter barna og ungdomane våre!

Helsing

Iselin Nevstad Øvreliid, pendlar og mor til 6-åring på SFO